

Mehavnbreiv

No i fleire vike har her blåst ein sudleg og sudvestleg storm — mest som ein annan «pasatstorm» — berre med eit og anna nordleg eller nordaustlegt vinnkast innimillom. Snø og regn om einannan. Har det snøa ein dag, so har det sovisst regna andre dagen. Og mest inga fiskedrift har det vore. Eit par skøyter har freista seg med kveitevad, men ikkje noko fangst som er å nemne enno. Likeins for dei, som har leita etter flyndra — berre sovidt dei har merka at ho har byrja sige op på dei plassane « ho brukar lata seg fanga, når lenger lid. Nokre skøitar herifrå, som drivar med snurrevad austpå Syltefjorden og derikring, fekk eit sju ver for nokre dagar sidan frå 700 til 1300 kg. flyndra. Elles har vore slik der aust og, det siste, at det ikkje har vore komnnde på herrns hav, som dei gamle brukte seggja. Og nu sundag — måndag blåste det ein reint orkanaktigstorm. Nokon skade som er å nemne vart det likevel ikkje gjort her anna en at stormen heldt moro med nokre skjithus og anna småtteri som han kasta overenne og likeins litt hjellbruk her og der.

Då havet er svart «oprørt» og regntjukn og snekov gjer det vant å finna fram, gjeng snøgrutane forbi rett som det er, slik at det vert lenge millom kvar gong posten kjem av og til. Level må ein vera glad og takka til, at ein no i uveret sitt godt og trygt iland so ein slepp kampa med stormen i snøfokk og myrke, slik som dei må gjera som lyt finna leid og føre rutebåtane fram i all slags ver.

Nokre turrfiskparti er seld og skipa i det siste, men stigning i prisane har det ikkje enno vorte, ialfall ikkje noko som er å nemna.

Elles strevar folk heroppe kvar med sitt for å freista livberge seg so godt dei kan. Det er likevel ikkje lett. Det er ein hard vinter å koma seg igjennom for folk i Finnmark iår — då umlag alt av nering, en skal livberge seg med, har slage feil.

Her i Mehavn held då folk motet oppe likevel. Utanom det daglege strevet korter dei tida med mykje rart. Kamper om landsmål og riksmål — nynorsk og bokmål. Om Trondhjem — Nidaros — Trondheim berre so fillene fyk. Og det er ikkje so rart, når vi har buande midt i millom oss norskmålskrigaren fytsteleraren Leonh. Grønhaug — ordføreren og bygda si «pott panna» så å seggja, i alt. Og likeins riksmålskjempa, andreleraren Bj. Lillevik. Han som fyrre året var med i «Lofotposten» og «ansatte» den riksmålsbispen vi ikkje fekk, og som seinare i fjor var med og bad so vakkert fyrr Trondhjems namnet — mannen med dei minst 100 idear, fyre mål og «foreninger», og som sjølv er formann og drivkrafta i dei alle, anten direkte eller indirekte. Men han har likeins som kolegaen sin fyrsteleraren Grønhaug — dårleg mage — slik, at han toler ikkje norsk — likesom hin ikkje toler dansk. Og når nå to slike karer ikkje vert teken vara på, men vert gåande lause, er det ikkje til å undrast at det vert målkrig no å då. Slik, som no på siste heradstyremøtet, der skrivet frå riksmålsforeningen satte sinna i brand, so det viset enno ryk litt av oska. Skrivet som visstnok gjekk ut på, at Gamvik komune

skulde forskrive seg til dansken i al æva, vert etterkome med 7 mot 6 rystar. Då skulde, seggjast det, ein av dei som stemte mot, men hadde røyst seg fyr å kontrollere røystinga, som det var «tvist» om; vera talt med millom fleirtalet. 3 var borte, so hadde dei vore tilstades, er det ikkje godt å seggja korleis dansken hadde greid seg. Elles er her et godt utvikla «skulevesen» i Mehamn. 2 middelskular, ein 6 deld folkeskule for «folket» og ein privat folkeskule for dei andre. Av lysverker er her 4 «Delkolait» og eit med vanleg motorkraft eller «på gammal måten» som kjerringa sa. Elles har vi høge lyktestolpar utan lys, ei mengde med «Pertomax», «Alladin» og vanlege parafinlamper og toppen på det heile «mannen med lyset», so vi er da bra opplyst. Idrettslag er her med ei mengd med «underavdelinger», og der lagslemande tek dei bedste premier, korr dei vert sendt avstad tjl kamp, anten aust eller vest. Ja likefrå «guttelag» til gamle fruar og frøknar med all slag «system». Av politiske lag har vi fleire med «Fedrelandslandsget» i fyrre ennen — der formannen er ein gild «forsanger», som rett som det er gleder folket her med framifrå fin song. Utanom dette har laget songlag, eit spellag som nyleg førte opp et skuespill so godt og feiende flott, at det kunde stå sig fyr den mest kritiske kritikk. Eit snikkarskeid har det nyleg havt, og mykje anna rart.

Ei «Bedehusforening» samlar inn pengar til å få byggja om det gilde bedehuset Sven Foyn ga Mehamn fyr nokre og fyrti år sidan. Dei tenker laga det om til kyrkja aller kapell. So har vi «Røde Kors» for herrer og «Yngre Røde Kors» for frøknar. «Tubekolosen» for kjerringene og «Yngre Tubekolosen» for jentene. Desse lagane gjer mykje av godt og samfundsgagnlegt arbeid, med å hjelpa dei, som er sjuke eller lid naud. Millom anna (driv) dei ei sjukestova og held sykesyster her. Til stor hjelp ikke minst for framande fiskara og arbeidara. Eit musikklag er her og. So har vi «Losje» for dei «turre» og »pølsefester for dei «våte», barnfester for born, aldersgrensefester for folk over 20. Maskerade og «Gasteballer» og andre ball og «selskaper» og gjestebod for det vanlege folket.

Ja og so «Michael Sars» som alltid er ein gjest, avdi han provianterar hos kjøpmennene og held småjentane med selskap, no i denne traurige tida. Av kjøpmenn til å «forsyne» oss med «forsyner» — eller andre fiskereidskap og det vi elles treng av daglegt braud — har vi 10—11 kjøpmannsforretningar. Ein bokhandel og ein kjosk gjev oss det vi treng til av «åndelig dansk føde». Til å betra jordstellet har vi «Jordbrukslag» og «Redskapslag» og til aa betre kreaturstanden har vi «Kvegavlforening». Men av «Chäfer» som skal drepast har vi visst berre bortimot ein, so i den vegen fylgjar vi ikkje med og er ikkje noko tess.

Utan om «Voldstad hotellet» har vi 3-4 hotel der farande folk kan bu. Av «forbindelser» med utenverdenen, har vi millom anna post, telefon, telegraf og fleire «radioter». Om her er tankeoverføring eller teosofisk verksemd, veit eg ikkje, men etter dei gysjor ein av og til høyrer frå krinkelkrokane, er det ikkje lite som tyder på det og.

Til å freista å gjera oss til betre menneske og få oss til å ansa på, at livet har noko meir verd, enn berre dette daglege strevet — og få oss til tenke på, at det kjem et liv etter dette live — er her fleire religiøse lag. «Lesdadianarane» og «De syndefrie» med sine samlingar og møtar i

private hus og misjonsfolket med sine møtar på bedehuset. Dei freister dyrke Gud kvar på sin måte. Men ikkje trur eg at dei — slik som på mange andre stader — av den orsak arbeidar mot kvarandre og freistar døma kvarandre so langt ned som dei kan.

Ein ong og arbeidshuga sokneprest, vittjar og Mehamn no og då. Han er ein framifrå flink talar, som held foredrag om ymse emne og talar varmt til folk om Vårherre og hans frelsarverk.

Mehamn er ein vakker stad med ei velordna busettjing. Stort set er her og eit gilt folk, som bur her, og som det er hugnad å kome saman med. Men nett no for tida, er det lite framtak i folk, og liten framgong å sjå. Det kjem vel noko av skort på «kapital», men og mykkje av di det er lite samhald millom forretningsfolket — til «å løfta i flok».

Vi får likevel tru på betre tider. Og no lysnar dagane. Sola stig høgare på himelen etterkvart. Ein ventar berre at loddar skal koma og settja mot og tru i folk, om eit godt vårfiske — den viktigaste bergingsvona for Finmark.

E.E.

[Edvard Eidissen]